



SULDAL  
K O M M U N E

Skattkammeret  
Suldal

# Frivilligheita i Suldal

15.10.2020

[suldal.kommune.no](http://suldal.kommune.no)

[visitsuldal.no](http://visitsuldal.no)

Suldal

The logo for Suldal features the word "Suldal" in a bold, black, sans-serif font. Above the letter "S", there are four vertical bars of increasing height in blue, green, yellow, and red.

# Frivilligheta i Suldal

- Om lag 100 lag og organisasjonar i kommunen
- Stor skilnad i medlemstal og geografisk nedslagsfelt – nokon har tilbod for heile kommunen andre for si grend
- Stor breidde – idrettslag, pensjonistlag, kor, sanitet, husflidslag, livssyn
- Suldal kommune har ei frivilligheitsmelding frå 2013 som er moden for revidering
- Suldal kommune ønskjer å få meir informasjon om korleis dei ulike laga og organisasjonane i kommunen opplev sin kvar dag
- Avklare vidare samarbeid med dei frivillige

# Tilskotsmidlar frå Rogaland fylkeskommune

- Suldal kommune søkte om, og fekk innvilga 150.000,- i tilskot, hausten 2019
- Tilskotet skulle nyttast til :
  - Kartlegging av frivilligheita gjennom Frivillighet Norge
  - Gjennomgang av resultata med/for dei frivillige
  - Gjennomføring av dialogkafè/workshop med dei frivillige
  - Frikjøp av nøkkelpersonell

## Praktisk gjennomføring

- Spørreundersøkinga i regi av Frivillighet Norge vart sendt ut til 89 organisasjonar på e-post
- Tilgjengeleg i perioden 17.03 – 08.04
- Frivillighet Norge og Rambøll utarbeida rapporten

# Resultat frå undersøkinga

# Resultat

- Svarprosent på 52%
- Aktivitetsnivået blant foreiningane er høgt og nærmere 40% av foreiningane har aktivitetar på vekentleg basis eller oftare
- Utviklinga i medlemsmassen i organisasjonane i kommunen er noko meir stabil enn i andre samanliknbare kommunar.
- Organisasjonane melder om at det er lettare å rekruttera medlemmer enn tillitsvalde (til verv i styret) og frivillige
- Medlemskontingent og kommunal støtte er dei vanlegaste inntektskjeldene og 40% melder at kontingent og kommunal støtte utgjer ein stor eller betydeleg del av økonomien
- Det er utbreitt å samarbeida med andre lag/organisasjonar men mindre vanleg å samarbeida med næringslivet.
- 36% melder om konkurranse frå andre organisasjonar, ein konkurranse som inkluderer kamp om medlemmer ettersom frivilligheita står sterkt i kommunen og det er mange tilbod å velja mellom

## Resultat framhald

- Vurderinga av samarbeidet med kommunen vert vurdert som noko meir vellukka enn i andre kommunar.
- 88% opplev at kommunen ønskjer å samarbeida med frivilligheita men det vert også meldt om ulike forbettingspunkt til kommunen:
  - Eit døme er kommunikasjonsarbeid, det kjem fram i rapporten at nokon lag og organisasjonar har opplevd at det kjem informasjon til ulike personar i organisasjonen/foreininga utan systematikk
  - Det vert også nemnt at oppfølging av politiske vedtak og andre avgjersler vert opplevd som mangelfullt
  - Spesielt i prosjekt og aktivitetar som kommunen får stort utbytte av, saknar foreiningane at kommunen tek ei meir aktiv rolle
  - Det er også ønskje om at kommunen tek ei meir aktiv rolle med meir initiativ ovanfor organisasjonane
  - Meir velvilje frå kommunen kring lån av utstyr vert også nemnt som forbettingspotensiale.

## Resultat framhald

- Når det gjeld andre ønskjer til kommunen melder organisasjonane at dei ønskjer finansiell støtte, forenkling av søknadsprosesser og betre dialog mellom kommunen og frivilligheita.
- Auka grad av samarbeid med andre aktørar vert nemnt, her ønskjer fleire at kommunen tek ei koordinerande rolle.
- Det er også gjennom undersøkinga spelt inn at det er ønskjelege med kurs og motivasjonssamlingar i regi av kommunen og at kommunen vert meir synleg blant frivilligheita.

## Resultat framhald

I konklusjonen i rapporten er det ulike punkt som vert sett opp som sentrale i kommunen sitt vidare arbeid med frivilligheita. Dei ulike punkta er:

- Ta vare på, og styrk frivilligheita i kommunen
- Etablering av møtepunkt med frivilligheita
- Etabler ein heilskapleg frivilligheitspolitikk
- Større rom for frivilligkeit
- Læring i kommunen (mellom dei ulike einingane)
- Samarbeid
- Frivillig.no (bruk av denne portalen for å synleggjere aktiviteten)
- Fritidserklæringa

## Vegen vidare

- Presentasjon av resultata v/Frivillighet Norge 11. nov samt workshop
- Politisk handsaming i nov/des
- Revidering av Frivilligheitsmeldinga frå 2013 og systematisk arbeid ut frå politisk vedtak og forbettingspunktene som kom fram i rapporten

Takk for merksemda!

